



Radøy Idrettsråd
Bjørn Ove Myking
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/411 - 16/13752

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
01.11.2016

Driftsmidlar til idrett - oversending til idrettsrådet til uttale

Det er i budsjettet for Radøy kommune 2016 sett av 375 000 kroner i kulturmidlar. I samband med nye retningsliner for kulturmidlar vart desse splitta i kr 15 000 til «Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» og kr 360 000 til driftsmidlar til lag og organisasjonar. Av dei 360 000 som er sett av til driftsmidlar, skal idrett ha 45 %, eller kr 162 000,-.

I tråd med retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune, sender me over alle søknader om driftsmidlar og innstillinga frå administrasjonen på fordeling av midlar. **Me ber om uttale frå idrettsrådet innan 10. november.**

Dei nye retningslinene seier «*Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.*»

Dei nye retningslinene seier at born og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjer integrering skal prioriterast. I tillegg vil tal medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og inntekter/utgifter verta lagt til grunn.

På bakgrunn av dette har administrasjonen innstilt på følgjande fordeling av driftsmidlar:

Lag	Tilskot
Radøy idrettslag	25500
Manger idrettslag	13500
Radøy Skyttarlag	13500
Radøy sportskyttarlag	10000
Radøy/Manger Fk	42000
Radøy symjeklubb	17500
Hordabø idrettslag	40000

Forslaget er basert på medlemstal med særleg vekt på born og unge, aktivitetsnivå (faste aktivitetar og tal på ulike aktivitetar) og inkluderings- og integreringstiltak. Me har også sett på inntekter og utgifter, og om laget har medlemskontigent.

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om driftsmidler - Radøy idrettslag
Årsmelding
Revisjonsmelding og rekneskap
Søknad om driftsmidler - Manger IL
Manger IL - vedlegg søknad kulturmidlar
resultset_4440_5_vedlegg1
resultset_4440_5_vedlegg2
resultset_4440_5_vedlegg3
resultset_4440_5_vedlegg4
Årsmelding 2015 Manger il (L)(102879)
Søknad om driftsmidler - Radøy symjeklubb
Årsberetning-2016 (1)
Vedlegg til søknad om driftsmidler, kultur, Radøy symjeklubb
Søknad om driftsmidler - Radøy sportsskyttarlag
Søknad om driftsmidler - Radøy skyttarlag
Vedlegg til søknad om driftsmidler til lag og organisasjonar
Vedk følgjekort
Søknad om driftsmidler - Hordabø idrettslag
resultset_4440_9.xml
Vedlegg til søknad om kulturmidlar
Balanse 2015
Resultat 2015

Mottakarar:

Radøy Idrettsråd

Bjørn Ove Myking

5937

BØVÅGEN